
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: 22. juli 2016 10:28
Til: 'isaksenthomas@gmail.com'
Emne: Vedr. spørsmål om erverv av eigedom
Vedlegg: 5153n-soknad-om-loyve-til-tiltak-utan-ansvarsrett.pdf

Hei

Viser til din e-post med spørsmål om erverv av delar av gbnr. 1/19. På bakgrunn av ei foreløpig vurdering kan eg vise til følgjande:

Gbnr. 1/19 er i arealdelen til kommuneplanen satt av til framtidig bustadbygging. Dette inneber at ønska del av eigedomen i utgangspunktet kan delast frå og overførast til din eigedom. Då kan du seinare søkje om å rive løa og byggje på bustaden din.

I kommuneplanen er det imidlertid satt eit plankrav for området. Dette inneber at kommunen ønskjer at området skal inngå i ein reguleringsplan før ein deler frå areal og/eller rive/byggje slik du viser til. Viss ein skal dele frå før det er utarbeida ein reguleringsplan for området, må det søkjast om dispensasjon frå plankravet.

Det ovannemnde inneber at eigar av gbnr. 1/19 må søkje om følgjande:

- Søknad om arealoverføring frå gbnr. 1/19 til 1/379 (skjema ligg vedlagt)
- Det omsøkte arealet må teiknast inn på situasjonskart (pga ferieavvikling kan du henvende deg til kommunen i neste veke, eller seinare, for å få eit kart)
- Tiltaket må nabovarslast (pga ferieavvikling kan du henvende deg til kommunen i neste veke, eller seinare, for å få naboliste)
- Søknad om dispensasjon frå plankrav (denne skriv du på eiga hand, og den må grunngjevast. Dette inneber at du må skrive ned gode grunnar for kvifor du bør få gjennomført arealoverføring før området blir regulert).

Håper svaret var avklarande. Eg skal ha ferie i tre veker no, men andre er tilgjengeleg på telefon her i den perioden, om du skulle ha spørsmål.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

